



Vinn han igjen? Even Sinnes med Frolingens Barack

Uskedalen er iferd med å byggja seg opp som ein populær stad for arrangement. Også denne helga står vi framfor eit i fyrste klasse - det er NM i bandhund med Helgheim som hovudkvarter og heile Kvinnherad som arena. Eldsjelane som har fått meisterskapen hit og som står for avviklinga er minst like entusiastiske og har det same pågangsmot som dei som står bak Festidalen. Det kjem 27 deltakarar med hundane sine og ikkje minst dei som aldri har prøvd seg i Vestlandsterrenget før er spente: Korleis vil dei og dei firbeinte hevde seg i eit terreng prega av bratte lier, tett skog og vegetasjon samt landets

største hjortebestand?. I kveld klokka 20 er det eit høgdepunkt, då skjer trekkinga av terreng. Grytidleg fredag skjer starten og laurdag kveld vert punktum sett med premieutdelinga.



Uformelt dommartreff i friluft i føremiddag

Arrangør er Hordaland Elghundklubb og det er fyrste gongen NM i bandhund utelukkande vert arrangert på hjort og med innslag av rådyr. Verprognosane syner lite nedbør og svak vind og alt bør ligge til rette for fine dagar i skogen.

Ifjor var det Even Sinnes frå Orkdal som vann NM med ein svarthund som heitte Froligens Barack og han stiller opp att med den same hunden i år.

Men Sinnes er ikkje spesielt optimistisk når uskedalen.no spør han om sjansane i år.

Han viser til at han og hunden aldri har delteke i nokon tevling på Vestlandet. Men han er full av lovord om rasen sjølv om det er mest gråhundar i Trøndelag. Den svarte er ein god familiehund som ikkje bråker mykje og er lett å gå med i terrenget.

Deltakarlista inneheld nokre få fleire gråhundar enn svarthundar.

NM i bandhund har også ei viktig sosial side og høgdepunkt i så måte vert nok middagen for 75 personer i Helgheim fredag kveld. Arrangørane er fulle av lovord om hovudsponsorane Sandvoll entreprenør, Intersport på Stord og Rosendal Gardsmat.

Den siste, Åshild Mehl, har sponsa Sundepølse til heile middagen!

Ordførar Synnøve Solbakken uttrykkjar seg slik:

- NM vil motivera og inspirera til å avle gode elghundar som er til stor nytte i jakt og ettersøkslag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen